

Sak 44-19 Styret sin egnevaluering

Tilråding til vedtak

Styret vedtek egnevaluering 2019 slik det kjem fram av egnevalueringsskjema.

Saksutgreiing


I siste styremøtet i året utfører styret sin eigen evaluering ifølgje årshjulet. Dette har styret gjort sidan 2015. Nytt av året er at denne evalueringa skal leggst skriftleg fram for representantskapet.

Eg er usikker på i kva form det skal gjerast ikkje minst då det no er nytt representantskap som skal veljast med stor grad av nye ansikt.

Eg tilrår derfor, å nytte vedlagt spørjeskjema som styret i møte lagar eit omforeina skjema av. Det vert så lagt fram for representantskapet og så får vi utvikle det vidare derifrå på grunnlag av dei vedtaka dei gjer.

Eg vurderar dette skjema slik at kravet i KS vegleiar kulepunkt 2,4 og 5 med dette er handsama. Punkt 1 i KS vegleiar vert også i 2020 gjort i januar/ februar i samband med gjennomgang av IK systemet, og punkt 6 vert gjort i samband med levering av den årlege årsmelding- rekneskap og eigarskapsmelding i april/ mai. Punkt 3 gjeld ekstern styreopplæring, og det punktet er vel neppe tilfredstilt før det nye styret kollektivt stiller på Vest Kontroll sitt kurs for styremedlemar i interkommunale selskap. For fire år sidan vart det arrangert eit styre kurs i regi av Avfallsforum Møre og Romsdal med forelesarar frå KS advokatane. Kurset la vekt på ansvar og roller for styremedlemar i avfallsbransjen. Men sidan Kontrollutvalsrapport for VØR 2019 konkluderte med at styremedlemane har fått mangelfull opplæring, må eit slikt kurs sjåast på som bortkasta. Fleire punkt er der ikkje.

Eg har vidare lagt ved "Årshjulet" for å syne kva de har vore igjennom i 2019. Til dykkar orientering så handsama de i 2019 totalt 45 saker mot 39 saker i 2018.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Spørjeskjema styreevaluering VØR

Vedlegg 2: KS sin anbefaling 12:

Vedlegg 3: Årshjulet 2019/ samandrag av saker som er handsama i 2019.

Vedlegg 1: Spørjeskjema styreevaluering VØR

Gi ein poengsum frå 1 - 5, der 1 står for heilt usamd og 5 står for heilt samd. Dette tar de med til styremøtet, der styret i fellesskap kjem fram til kollegiet sitt svar.

Om t.d første spørsmålet får følgjande svarrekke: 5,1,3,4,2, vert poengsummen $(5+1+3+4+2)/5$ svar= 3 som kollegiet sitt svar.

Styret som kollegium avgjer om og kva av spørsmåla dei vil diskutere. Dagleg leiar eller administrasjon deltek ikkje under denne evalueringa. Styreleiar på vegne av styret formidlar forbedringspunkt for det som vedkjem administrasjonen.

1. Roller

1. Styret sine oppgåver er klart definert.
2. Eigars forventningar til styret er klart kommunisert
3. Styret er medvitne i høve arbeidsdelinga mellom dagleg leiar og styret
4. Styret har fokus på at selskapsavtalen vert følgt
5. Styret er orientert om selskapet sine mål og oppgåver som er fastsett i lover, kommunale plandokument og budsjettvedtak.

2. Styret som kollegium

1. Styret sin fellesskapskjensle kan utviklast gjennom betre kommunikasjon internt i styret
2. Styrediskusjonane viser at styret har stor nok takhøgd.
3. Styremedlemene er opne, ansvarlege, og syner tillit og integritet i høve til kvarandre.
4. Eg har potensial for å verte betre i høve egne ambisjonar i styrevervet.

3. Visjon og strategi

1. VØR har gode og dekkjande visjonar og strategiar
2. Strategiane er alltid førande for styret sine vedtak

4. Styreleiar

1. Styreleiar gir god tilbakemelding på mi rolle i styret
2. Styreleiar let meg sleppe til med mine synspunkt og slik at det vert ein del av dei totale vedtaka.

5. Styret og dagleg leiar

1. Det er god samhandling mellom styret og dagleg leiar
2. Dagleg leiar har ein organisasjon som sikra breidde og gir grunnlag for utvikling av VØR
3. Dagleg leiar kjem med god kommunikasjon overfor styret og kommunane
4. Dagleg leiar har etablert eit internkontrollsystem og er nok fokusert på risikostyring og risikoarbeid
5. Styret har forstått og er tydelege på kva saker som skal handsamast av styret
6. Styret får framlagt strategiske saker på ein slik måte at ein har nok tid og underlag til å handsame dei på en forsvarleg og god måte.
7. Styret mottek godt nok faktagrunnlag, til at ein får vurdert selskapet sitt omdøme.

6. Styret sitt arbeid

1. Styret er nok fokusert på risikostyring og risikoarbeid
2. Styret har fokus på VØR sine økonomiske mål og verkemidlar for å oppnå disse
3. Det er god balanse mellom fokus på langsiktige og kortsiktige arbeidsoppgåver og utfordringar
4. Styret ville gjort ein betre jobb dersom styret sine oppgåver var betre diskutert og forstått
5. Styret følgjer opp selskapet sine mål og oppgåver som er fastsett i lover, selskapsavtale og kommunalt planverk

7. Styremøta

1. Det er god meiningsutveksling og diskusjon i styremøta
2. Tida vert prioritert slik at dei rette og viktige sakene får mest tid
3. Styremedlemmane er alltid førebudd og er aktive og engasjerte.
4. Sakene vert mottekne tidsnok til å førebu seg skikkelig.
5. Lengda på styremøta er passande
6. Saksframlegga er gode og gir god nok informasjon til å kunne fatte vedtak
7. Styret blir godt nok orientert om konsekvensane av styrevedtaka
8. Det er dei mest relevante sakene som vert debattert og orientert om i styret
9. Styret bør være ein meir aktiv bestillar overfor administrasjonen.
10. Det vert ført protokoll med gode nok referat frå styremøta
- 11.

8. Andre relevante tilhøve som bør kommenterast ?

04.11.2019



Petter Bjørda

Vedlegg 2: KS sin anbefaling 12:

RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret anbefales det at styret etablerer følgende rutiner:

- Fastsetter styreinstruks og instruks for daglig leder med særlig vekt på en klar intern ansvars- og oppgavefordeling.
- Foretar en egenevaluering hvert år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gis opplæring om ansvar, oppgaver og rollefordeling.
- Gjennomfører egne styreseminarer om roller, ansvar og oppgaver.
- Fastsetter en årlig plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gir en samlet redegjørelse for selskapets styring og ledelse i en årsrapport.

04.11.2019


Petter Bjørdal

Vedlegg 3. Årshjulet / oversyn handsama saker

Møteplan 2019.

Møte 5 februar:

Dagleg leiar sin rapport

Prinsippavklaring etter forskriftene §2.

Samarbeidsavtale mellom SSR og VØR.

Første utkast til årsmelding 2018.

Innsats mot marin forsøpling

Godkjenning av avtalar mellom VØR og RSS.

Godkjenning av intensjonsavtalar mellom ÅRIM, VØR og SSR.

Organisasjonsendring

Godkjenning av leasing av nye bilar.

Referatsaker: IK saker, Brev frå MD, industrivern, Innovasjon Norge

Møte 30 april:

Dagleg leiar sin rapport

Resultat året før mot budsjett

Årsmelding, rekneskap og eigarskapsmelding for året før, med samanstilling mot budsjett same år og året før.

Kjøp av teneste i samband med kommunesamanslåing, Tap på krav,

Referatsaker: Ulike innkjøpsavtalar, brev frå MD

Møte 11 juni:

Dagleg leiar sin rapport

Resultatet for 1 tertial.

Restart konkurranse Melsgjerdet

Referatsaker: Årsmeldingar i selskap med eigarskap i, div. innkjøpsavtalar

Møte 18 september:

Dagleg leiar sin rapport

Resultatet for 2 tertial.

Sertifisering etter ISO 9001

Strategiplan 2020-23

Økonomiplan 2020-23

Budsjett for komande år.

Utvida samarbeid / samanslåing andre selskap

Merknader til forvaltningsrevisjonsrapport.

Referatsaker: Utskrift frå fellesnemnda, godkjent årsrekneskap, osb

Møte 12 november

Dagleg leiar sin rapport

Iso 9001 godkjenning av overordna rutiner

Betalingsattsar 2020 miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon
Unntak for bruk av nedgrave anlegg
Konsekvensar av vedtak i MDir vedk. nedgrave anlegg.
Forvaltningsrevisjonsrapport 2019.
Møteplan 2020
Løn dagleg leiar
Styret sin eigenevaluering
Referatsaker: Ekstraordinær generalforsamling Rekom, kommunedelplan klima-planprogram


Representantskapen:

Møte 21 mai

Dagleg leiar sin rapport, Årsmelding, rekneskap og eigarskapsmelding for året før, med samanstilling mot budsjett same år og året før. Innføring av valnemnd. Referatsaker: Brev FM vedk. endra løyve. Avgjer MD om Løyve.

Møte 8 oktober

Dagleg leiar sin rapport, Strategiplan 2020-23
Økonomiplan 2020-23, Budsjett 2020, Utvida samarbeid / samanslåing andre selskap.
Referatsaker: Brønnøysund-godkjent årsrekneskap, Kontrollutvalsak.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar